
Fra: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Sendt: 14. mars 2017 10:44
Til: Ingrid Raniseth
Kopi: trond.egil@kvernbit.no; postmaster@navar.no
Emne: SV: Fossemyra
Vedlegg: Notat 140317.pdf

Vedlagt følger eit notat som eg vil be kommunen vurdere og kommentara.

Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg. 7B
5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55 59 82 62
mob 907 88 921

Fra: Ingrid Raniseth [<mailto:ingrid.raniseth@meland.kommune.no>]
Sendt: 14. mars 2017 08:41
Til: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Kopi: trond.egil@kvernbit.no; postmaster@navar.no
Emne: SV: Fossemyra

Hei!

Kommunen ser på endringa som er fremja som eit privat reguleringsframlegg frå Kvernbit IL. Dette er allereie avgjort.

Under finn du planprosessen kommunen ser for seg og krav til leveranse ved endring av plan:

Oppstarten av planarbeidet må varslast med brev til berørte myndigheiter og partar, kunngjerast med annonsering i Strilen. Det skal opplysast om at det er aktuelt å behandla forslaget som ei mindre reguleringsendring. Kommunen rår til at ein går i dialog med/ infomøte med dei som vert direkte berørt før varselet vert sendt ut. Om det ikkje kjem merknadar til varselet, vert planen behandla som ei mindre reguleringsendring. Varselet lyt vera detaljert med byggehøgder, volum etc.

Det skal leverast plankart og føresegner som syner endringa. Kart og –planforskrift og gjeldande produktspesifikasjon gjeld for framstillinga. Som hovudregel vert føresegnene ved mindre reguleringsendringar innarbeida i gjeldande planføresegner. Ei kort planskildring med skildring av endringar, behovet og konsekvensane av desse lyt òg vere med.

Sjå evt. [Bergen Kommune](#) for meir informasjon.

-Ingrid Raniseth

Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]
Sendt: 9. mars 2017 14:33
Til: Ingrid Raniseth

Kopi: trond.egil@kvernbit.no; postmaster@navar.no

Emne: SV: Fossemyra

Referatet frå oppstartsmøtet (som eg ikkje deltok i) er opplyst å vera basert på ein mal for Nordhordland og Gulen utarbeidd i [2006](#).

Referatet inneheld også nokre liner om områdeplanar (side 4) som kom inn i lovverket i 2008.

Her er det behov for opprydding.

Med alle krava som er ført inn i referatet, og med tilvisingane til den regionalt utarbeidde STARTPAKKEN med enno fleire «kravsspesifikasjonar», vil denne «prosessen» – som i realiteten er ei byggjesak, kosta fleire hundre tusen.

Første arbeidet som kommunen no må gjera – jamfør referatet frå oppstartsmøtet side 4 – er å sjekka om påstanden : «dette er ei endring i ei privat detaljregulering» er rett.

Eg legg ved mine utkast til kunngjering og oppstartsvarsel i redigerbart (word) format. Kommunen kan fritt kopiera frå dette - med unntak av firmanamn og logo.

Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg. 7B
5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55 59 82 62
mob 907 88 921

Fra: Ingrid Raniseth [<mailto:ingrid.raniseth@meland.kommune.no>]

Sendt: 9. mars 2017 09:15

Til: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>

Kopi: trond.egil@kvernbit.no; postmaster@navar.no

Emne: SV: Fossemyra

Hei!

Det har allereie vore avklart i fleire møter at tiltaket krev ei reguleringsendring. Planprosess her er gjort greie for i referat frå oppstartsmøte, samt i e-post etter undervegs møte. Vidare vert varsel og kunngjering om oppstart av planarbeidet utarbeida av konsulent, då dette er endring av ei privat detaljregulering.

-Ingrid Raniseth

Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]

Sendt: 8. mars 2017 15:27

Til: Ingrid Raniseth

Kopi: trond.egil@kvernbit.no; postmaster@navar.no

Emne: SV: Fossemyra

Av det oversende framgår at det var kommunen som varsla og kunngjorde, på grunnlag av brev og skisser frå Kvernbit IL. Det varsla reguleringsføremålet var «Idrettsanlegg med tilhøyrande bygningar»

I den vedtekne planen er reguleringa todelt : Friområde med baner i myra vest for gangvegen, og byggeområde for idrettsbygg i lia aust for gangvegen.

Det er ikkje opplagt at ein fotballhall i baneområdet krev reguleringsendring.

Eg trur Kvernbit IL bør kunna gå rett på sak : Søkja om rammeløyve for hallen, parallellt med søknad om dispensasjon frå plankrav eller ei mindre reguleringsendring, alt etter kva kommunen finn nødvendig av dispensasjonar eller planendringar

Dei aktuelle tema : a) rammeløyve (byggjetiltaket) og b) det reguleringsmessige (planspørsmålet) vil kunna handterast i eitt og same nabovarsel og deretter i ein og same søknad til kommunen.

Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg. 7B
5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55 59 82 62
mob 907 88 921

Spørsmålet er om det er le kne etter

Fra: Ingrid Raniseth [<mailto:ingrid.raniseth@meland.kommune.no>]
Sendt: 8. mars 2017 12:28
Til: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Kopi: trond.egil@kvernbit.no; postmaster@navar.no
Emne: SV: Fossemyra

Beklager, feil dokument som vart sendt. Sjå vedlegg.

-Ingrid Raniseth

Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]
Sendt: 8. mars 2017 10:20
Til: Ingrid Raniseth
Kopi: trond.egil@kvernbit.no; postmaster@navar.no
Emne: SV: Fossemyra

Det oversende gjeld ei heilt anna sak (137/02, bustader Langeland).

Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg. 7B
5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55 59 82 62
mob 907 88 921

Fra: Ingrid Raniseth [<mailto:ingrid.raniseth@meland.kommune.no>]
Sendt: 8. mars 2017 09:47
Til: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Kopi: trond.egil@kvernbit.no; postmaster@navar.no
Emne: SV: Fossemyra

Hei!

Vedlagt ligg dok 2, kunne ikkje finne dok 3 i arkivet.

-Ingrid Raniseth

Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]
Sendt: 7. mars 2017 13:34
Til: Ingrid Raniseth
Kopi: trond.egil@kvernbit.no; postmaster@navar.no
Emne: SV: Fossemyra

Eg ser no at eg gløynde å leggja ved første side i sak 023/00 i gårsdagens melding.

Eg legg også ved eit notat frå 1998, om utgangspunktet for no gjeldande plan. Eg finn elles ikkje noko i mitt arkiv som tyder på anna enn at det (likevel) var kommunen som kunngjorde og varsla.

Kan eg få tilsendt Dok. 2 og 3 i sak 023/00 ?

Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg. 7B
5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55 59 82 62
mob 907 88 921

Fra: Ingrid Raniseth [<mailto:ingrid.raniseth@meland.kommune.no>]
Sendt: 7. mars 2017 09:25
Til: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>; trond.egil@kvernbit.no; postmaster@navar.no
Emne: SV: Fossemyra

Hei!

Endring av plan vert fremja av Kvernbit IL og er eit privat reguleringsframlegg. Forslagstillar har ansvar for varsling og kunngjering.

-Ingrid Raniseth

Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]
Sendt: 6. mars 2017 15:21
Til: Ingrid Raniseth; trond.egil@kvernbit.no; postmaster@navar.no
Emne: SV: Fossemyra

Vedlagt : kopi av første side i sak 023/00, for meg ser det ut som det var kommunen som sendte ut kunngjøring og orienteringsbrev (Dok. 2 og 3 er journalført som U (utgåande frå kommunen)).

Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg. 7B
5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55 59 82 62
mob 907 88 921

Fra: Ingrid Raniseth [<mailto:ingrid.raniseth@meland.kommune.no>]
Sendt: 6. mars 2017 14:15
Til: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>; trond.egil@kvernbit.no; postmaster@navar.no
Emne: SV: Fossemyra

Hei!

Eg har sett i arkivet, men kunne ikkje finne kven som sende ut varselet.

-Ingrid Raniseth

Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]
Sendt: 6. mars 2017 10:51
Til: Ingrid Raniseth; trond.egil@kvernbit.no; postmaster@navar.no
Emne: SV: Fossemyra

Eg har sett gjennom arkivet mitt frå regulerings-saka for gjeldande plan, vedteken i kommunestyret 01. 03. 00, sak 023/00. Eg utarbeidde plandokumenta som underkonsulent for Svein Sjøvik AS, i samarbeid med IL Kvernbit og Meland kommune. Av kommunens sakspapir kan det sjå ut som om kunngjøring og orienteringsbrev om oppstart vart sendt ut av kommunen eller idrettslaget. Kan du finna ut korleis dette vart ordna ?

Eg legg ved nokre dokument frå ei liknande sak i Bergen – Frøya Baskethall. Her er det bygd hallar innafor det regulerte offentlege friområdet utan spesiell regulering til byggjeføremål. Det vart dispensert for avvik i planområdets ytterkant, med arealoverføringar basert på avtalar framforhandla av idrettslaget.

Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg. 7B
5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55 59 82 62
mob 907 88 921

Fra: Ingrid Raniseth [<mailto:ingrid.raniseth@meland.kommune.no>]

Sendt: 27. februar 2017 10:23

Til: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>; trond.egil@kvernbit.no; postmaster@navar.no

Emne: SV: Fossemyra

Hei!

Vedlagt finn du forslag til avisannonse samt orienteringsbrevet ditt med kommentarar frå administrasjonen.

Kva SOSI-kode har de tenkt å bruke? Kommunen vurderer at 1490 Idrettsanlegg, fotballhall kan vere riktig i dette tilfellet. Har endra på dette i annonseteksten.

Anbefaler at NVE også vert varsla med eige brev og at merknadsfrist vert satt til 3 veker for alle partar.

Sjå elles vedlegg.

-Ingrid Raniseth

Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]

Sendt: 22. februar 2017 16:07

Til: Ingrid Raniseth; 'Trond Egil Soltvedt'

Kopi: 'Navar Eienedom'

Emne: SV: Fossemyra

Vedlagt : utkast til

- Orienteringsbrev
- Adresseliste
- Kunngjeringstekst

Siv. ing. Vidar Mjøs

Fabrikkg. 7B

5059 Bergen

vidar-mj@online.no

tlf 55 59 82 62

mob 907 88 921

Fra: Ingrid Raniseth [<mailto:ingrid.raniseth@meland.kommune.no>]

Sendt: 22. februar 2017 11:25

Til: Trond Egil Soltvedt <trond.egil@kvernbit.no>; Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>

Emne: Fossemyra

Hei igjen!

Eg sender deg ei kort oppsummering av det som vart sagt om vidare planprosess for Fossemyra:

Forslagsstiller har planlagd å halde informasjonsmøte med aktuelle parter på Fossemyra før det formelt vert varsla oppstart. Oppstart av planarbeid vert varsla med brev til berørte parter og høyringsinstansar, samt at det må annonseras i ei lokalavis. Brev og annonsetekst vert sendt til kommunen for gjennomlesing. Det må i varselet komme klart fram at det er aktuelt å handsame saka som ei mindre reguleringsendring.

Til ei mindre reguleringsendring skal det utarbeidas planforslag som omfattar plankart, føresegner og ei kortplanskildring. Desse skal gjere greie for endringa, samt behovet og konsekvensane.

Vidare kan ein kan på noverande tidspunkt ikkje utelukke at endringa må handsamas politisk. Dette må me komme tilbake til.

Venleg helsing
Ingrid Raniseth
Fagkonsulent private planar
Tlf: 56171000/1173
E-post: ingrid.raniseth@meland.kommune.no

